

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Innkalling: Valle og Hylestad Sokneråd mandag 24. mars 2025

Navn	Signert med	Tidspunkt
Torstein Bjørgum	BankID OIDC	2025-03-21 21:20:24
Toralv Frøysaa Lie	BankID OIDC	2025-03-21 18:15:19



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Innkalling

Råd: Valle og Hylestad Sokneråd

Dato og tid: 24.03.2025, 16:00

Lokale: Teams-møte

Saksmappe: V&H2025-19

Til: Torstein Bjørgum (Leiar), Gudrun Sagneskar (Nestleiar), Toralv Frøysaa Lie (Sekretær), Arne Tronsen (Medlem), Knut Olav Uppstad (Medlem), Kristian Mosvold (Medlem), Kristine Kleiveland (Medlem), Liv Gunn Viki (Medlem), Knut Hagen (Andre innkalte)

Vara: Frøydis Henriksen Junge (Varamedlem), Karin Bøe (Varamedlem), Margit Homme (Varamedlem), Olav Brokka (Varamedlem), Torleif B Harstad (Varamedlem)

Dette er eit TEAMS møte med ei sak slik me vedtok i førre rådsmøte. Skal Årsmeldinga for 2024 kunne godkjennast må me vere vedtaksføre. Kan du ikkje møte ber me om at du melder forfall så snart som råd. 1. vara i rådet møter som vanleg. Andre vara får melding dersom det er forfall.

Sakslisten

Faste Saker

025/25 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste

Møtesaker

026/25 SR - Årsmelding Valle og Hylestad Sokneråd 2024

Torstein Bjørgum
Leder

Toralv Frøysaa Lie
Sekretær

Innkalling: Valle og Hylestad Sokneråd mandag 24. mars 2025

Navn

Toralv Frøysaa Lie

Dato

2025-03-21

Navn

Torstein Bjørgum


Dato

2025-03-21

Identifikasjon

 Toralv Frøysaa Lie

Identifikasjon

 Torstein Bjørgum



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2025-19	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	025/25	24.03.2025

025/25 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og saksliste og val av to som skal signere protokoll.

Forslag til vedtak

Innkalling og saksliste vert godkjent.

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	441	V&H2025-14	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	026/25	24.03.2025

026/25 SR - Årsmelding Valle og Hylestad Sokneråd 2024

Vedlegg liste

- 1 Årsrapport fra prostidiakonen i Øvre Otredal 2024.pdf
- 2 Årsmelding for Valle og Hylestad sokneråd - versjon 2025-03-21.pdf
- 3 Årsmelding DU 2024.pdf
- 4 Valle og Hylestad sokn Rekneskap 2024 urevidert.pdf

Saksframlegg

Administrasjonen har ikkje fått tilbakemelding med endringsforslag på Årsmeldinga innan fristen. Kun eit innspel om at bildemateriale vil bli innarbeidd i rapporten frå administrasjonen. Under arbeidet med årsmeldinga fann ein enkelte manglar og skrivefeil som ein valde å rette opp, og nokre punkt å legge til. Her kan nemnast orgelkonsertserien, nokre glimt frå kyrkjelivet henta frå Facebook og anna.

Ein viser elles til vedtaket i førre møte slik

022/25 SR - Årsmelding Valle og Hylestad Sokneråd 2024

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	11.03.2025	022/25

Forslag til vedtak

Årsmelding Valle og Hylestad sokneråd 2024 vert vedteke

Møtebehandling

Eit utkast til årsmelding vart lagt fram i møte. Ein drøfta ulike måtar å handtere årsmeldinga slik at ein kunne fatte vedtak om den i tide før soknemøtet.

Vedtak

Utkastet til Årsmelding for Valle og Hylestad sokneråd sendes ut til medlemmer og vara i rådet. Tilbakemelding sendes til alle (svar alle) innan 18. mars. Administrasjonen fletter saman tilbakemeldingane og sender den ut til ny gjennomlesing. Ein sender innkalling til TEAMSmøte for endeleg sakshandsaming og godkjenning måndag 24. mars kl. 16. Samrøystes vedteke

Forslag til vedtak

Årsmeldinga for Valle og Hylestad sokneråd 2024 godkjennast slik den føreligg.

Årsrapport fra prostidiakonen i Øvre Otredal 2024

Innledning

Dette er det første hele året som prostidiakon og jeg lærer hele tiden. Fra 1. august 2024 ble jeg ansatt i fast stilling i 50 %. Jeg går en del i «sporene» til Per Emanuelen, og nå etter hvert finner jeg mine egne «spor». Det bor mange fine mennesker i Øvre Otredal, som det er en glede å bli kjent med. Det har vært et begivenhetsrikt år med bispevisitas i Bygland, forskjellige samlinger og møter i alle tre kommunene. Har også vært invitert til de psykososiale kriseteamene i Bykle og Bygland.

Organisering

Prostidiakonstillingen er fremdeles organisert slik at kirkevergen i Bygland er prostidiakonens arbeidsgiver. Hvert av soknerådene har oppnevnt et medlem til styret for prostidiakonsamarbeidet, og dette styret tar seg av sakene som kommer opp. Olav Nilsen har vært arbeidsgiver, og Aud Standal Skagestad styreformann i 2024. Jeg har vært partallsukediakon gjennom året. Da kjører jeg som regel hjemmefra tidlig tirsdag morgen og kommer hjem sent torsdag kveld. Det er 3 nesten doble arbeidsdager. I tillegg bruker jeg tid hjemme til forberedelser.

Diakoniutvalgene

Det er diakoniutvalg i Valle og Bykle. I Bygland er det ikke diakoniutvalg, men jeg har samarbeidet med presten, soknerådslederen og frivillige. Det har blitt arrangert forskjellige og spennende temakvelder, morgenbønn, bålpannesamlinger, filmkveld, kvinnetreff, Ukrainakvelder, kirkekaffe, og tilbud om kirkeskys.

Institusjonsbesøk og Gudstjenester

Prest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad, og jeg, har hatt ansvaret for andaktene på bygdeheimene i Valle og Bykle. Til sammen 33 andakter, jeg har hatt 19 + en nattverdsamling sammen med presten. Toralv har hatt resten. Knut Olav har vært med på alle. Jeg har også vært innom ARA døgnenhet på Byglandsfjord hver 4. uke gjennom året. Har hatt diakoniens dag i Bygland, Valle og Bykle, sammen med prestene og organisten.

Hjemmebesøk/samtaler

Det jeg bruker mest tid på er hjemmebesøk og samtaler. I instruksjonen for jobben min står det at jeg skal ha fokus på ensomhet, psykisk helse, rus, sorg og relasjonskonflikter. Jeg blir ydmyk når mennesker deler historiene sine med meg som de nesten ikke kjenner. Jeg er heldig som får møte så mange gode og inspirerende mennesker. I 2024 har jeg hatt 321 samtaler/hjemmebesøk, som fordeler seg slik: Bygland 109, Valle 104, Bykle 108.

Diakoniseriar

Vi har ikke hatt diakoniseriar i 2024, vi planlegger en diakonikveld for alle tre kommunene, i Valle, i slutten av mars 2025.

TAKK til sjefen min Olav Nilsen og Aud Standal Skagestad som gjør det så lett for meg å være diakon! Takk til styret for diakoniarbeidet, alle ansatte, soknerådene og frivillige som gjør en stor og viktig innsats!

Vennesla 6.januar 2025 Åse Gudrun Thortveit, prostidiakon. (91685159)
aasegudrun@hotmail.com

ÅRSMELDING

VALLE OG HYLESTAD

SOKNERÅD 2024



Organisering av kyrkja

av Valle kommune sine 1205 innbyggjarar er 949 medlemmer i Den norske kyrkja. Valle og Hylestad sokn er eiga, juridisk eining, soknerådet er øvste organ. Soknerådet hadde i 2024 seks valde medlemmer, sokneprest, og kommunen sin representant. Kommunen sin representant er til stades for å vere bindeledd mellom soknerådet og kommunen, og skal i utgangspunktet vere til stades når soknerådet handsamar saker av fellesråds karakter (økonomi, bygningar, kyrkjegard, personale). Kyrkjevevja er sakshandsamar og sekretær for soknerådet, med tale- og forslagsrett. Kyrkjevevja har det administrative ansvaret for den daglege drifta, og utfører arbeidet saman med andre kyrkjeleg tilsette og frivilljuge.

ARBEIDET I SOKNERÅDET

Soknerådet sine primæroppgaver er nedfelte i §9 i kyrkjelova:

- Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt til alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.
- Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.
- Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet.



Biletet er frå det konstituerande møtet i Valle og Hylestad SR/FR tysdag 17. oktober 2023. Lisbeth Dalquist Homme leia møtet og gav klubba vidare. Ho har site i soknerådet i 3 periodar og vore leiar siste åra.

Medlemer i soknerådet 2024

Frå 1. januar

Leiar og sokneprest: Toralv Frøysaa Lie

Nestleiar: Gudrun Sagneskar

Kristine Kleiveland

Liv Gunn Viki

Knut Olav Uppstad

Arne Tronsen

Torstein Bjørgum, medlem i arbeidsutvalet

1. Vara Margit Homme
2. Vara Torleif Harstad
3. Vara Karin Bøe
4. Vara Olav Brokka

Utval og nemnder

Utval	Medlemer
Arbeidsutval	Frå 1. januar 24 Leiar Toralv Frøysaa Lie Gudrun Sagneskar Torstein Bjørgum Gudrun Åkre kyrkjeverje
	Frå 1. august 24 Leiar Gudrun Sagneskar Torstein Bjørgum Toralv Frøysaa Lie Gudrun Åkre kyrkjeverje
	Frå 1. september 24 Leiar Gudrun Sagneskar Torstein Bjørgum T. Frøysaa Lie - kyrkjeverje
	Frå 1. oktober 24 Leiar Torstein Bjørgum Gudrun Sagneskar Kristian Mosvold T. Frøysaa Lie - kyrkjeverje
Trusopplæringsutval	Kristine Kleiveland Lisbeth H. Homme Gudrun Sagneskar Margit Homme Sissa Ringstad
Diakoniutval	Astrid Nomeland Knut Olav Uppstad Åse Gudrun Thortveit

Arbeidsutval:

Leiar i soknerådet, nestleiar, sokneprest og kyrkjeverje utgjer arbeidsutvalet. Etter valet i 2023 vart soknepresten vald til leiar difor har utvalet ein ekstra representant frå soknerådet. Utvalet har møte om lag fjorten dagar i forkant av soknerådsmøte.

Diakoniutval

Sjå vedlegg: årsmelding for diakoniutvalet i Valle og Hylestad



Fellesråda i Bykle - og Valle og Hylestad sokn møttes i Kyrkjekjeddaren i Bykle 15. februar. Prost Rune Stormark og Tore Gullaksen frå Bispedømekontoret var med.

FELLESRÅDSARBEID

Tilsette og personalansvar:

Soknerådet hadde ved inngangen til 2024 arbeidsgjevaransvaret for om lag 2 årsverk fordelt på 5 tilsette. Soknepresten er tilsett av Otredal prosti.

Namn	Stilling	Stillingsstorleik	Kommentar
Toralv Frøysaa Lie	Sokneprest	100 % til 1.9.24	Valle og Bykle
Toralv Frøysaa Lie	Sokneprest	40 % frå 1.9.24	Valle og Bykle
Toralv Frøysaa Lie	Kyrkjevevje	60 % frå 1.9.24	Valle og Hylestad
Gudrun Åkre	Kyrkjevevje	100 % til 1.9.24	Valle og Hylestad
Kristian Mosvold	Prest	60 % frå 1.10.24	Bykle og Valle
Janne Wikstøl	Kyrkjjetenar/trusop	50 % f.1.10 -24.12	Valle og Hylestad
Sissa Ringstad	Rådgjevar	30 %	Valle og Hylestad
Gunveig Kaarvann	Kyrkjjetenar	25 %	Valle og Hylestad
Inger P. Rysstad	Reinhaldar	16 % ut mars 24	Valle kyrkje
Astrid Nomeland	Reinhaldar	26 % frå april 24	Valle og Hylestad kyrkje

Organist: Stillinga som organist/kyrkjemusikar er vakant. Valle og Hylestad sokneråd kjøpte tenester av Knut Olav Uppstad. Stillinga som organist vart lyst ut i 2024 og Eirik Hodnemyr vart tilsett som Kyrkjelydsmusikar. Han tok til i stillinga 1.1. 2025.

Kyrkjevevje: Namnet på stillinga er endra frå kyrkjesjef til kyrkjevevje. Gudrun Åkre hadde stillinga ut august. Sokneprest Toralv Frøysaa Lie vart tilsett i 60 % stilling frå 1.

september. Han fekk permisjon frå deler av tenesta som sokneprest i eitt år. Han fungerer no som 40 % sokneprest og 60 % kyrkjevevje.

Prestetenesta: Kristian Mosvold vart, av Agder og Telemark Bispedømeråd, engasjert som prostiprest i 60% stilling frå 1. oktober. I tillegg til har desse utført teneste som prester i 2024. Tom Martin Berntsen, Øystein Berg Pettersen og Kristina Grundetjern.

Prostidiakon – samarbeid mellom Valle og Hylestad, Bykle og Bygland

Prostidiakonstillinga er eit samarbeid mellom Bygland, Valle og Bykle. Bygland har arbeidsgjevaransvaret for prostidiakonen.

Åse Gudrun Thortveit frå Iveland vart fast tilsett i ei 50% stilling frå 1. august 2024.

Kyrkjjetenar. Takk til Gunveig Kaarvann som har avslutta tenesta som kyrkjjetenar og klokkar i Valle og Hylestad kyrkje. Stillinga som kyrkjjetenar er vakant frå 1.1.2025.

Stabsmøte:

Dei tilsette har hatt jamlege stabsmøte. Ettersom både prest og prostidiakon jobbar i både Valle og Bykle, og det er få tilsette totalt, er stabsmøta felles for Bykle og Valle. Det er venta at kyrkjjetenar møter på dei møta som er i sin kommune eller vel tilsette i små stillingar sjølve om dei vil møte.

Gudstenester:

Kvart år vert det fylt ut kyrkjeleg statistikk for året som gjekk, den er med å danne grunnlag for nasjonale statistikkar. Generelt kan det seiast om Valle og Hylestad at dei kyrkjelege handlingane som dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferder ligg på eit stabilt nivå ut frå folkesamansetninga i Kommunen. Utmeldingar og innmeldingar er det få av i løpet av eit år.

Meininga er å halde gudsteneste 1 gong i månaden i kvar kyrkje. Det vil seie annakvar sundag i Valle og Hylestad. Totalt tal deltakarar på gudstenester:

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
2615	2247	2594	2189	2564	2517	2261	2169	2151	1729	798	617
2022	2023	2024									
1439	1128	1865									

I Valle og Hylestad er faste gudstenester og kyrkjelege handlingar gjennomførde:

- Familiegudsteneste (Kyrkjerottene teater) i 2024 med utdeling av bøker til 4-åringar og 6åringar og overrasking til 5-åringar. Alle fekk invitasjon.
- Tårnagentgudsteneste
- Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.
- Ljosmesse med konfirmantane.
- Konfirmasjonsgudstenester og samtalegudstenester med konfirmantane.
- Allehelgensmesse med minning av dei døde.

- 17. mai gudsteneste
- Diakonigudsteneste med prostidiakon Åse Gudrun Thortveit.
- Hausttakkefest v. Valle og Hylestad diakoniutval og Jordbruksklubben

Trusopplæring:

Dette vart gjennomført i 2024

Joletrefest

i kyrkjestoga med særst godt oppmøte.

Tårnagentdag

med flinke tårnagentar og gode leiarar: Tracy David, Htoo Thaw David. Kristine Kleiveland, Torleif Harstad og Torleif Harstad, pluss prest Tom Martin Berntsen.

Krøllekveld.

2 åringar fekk invitasjon til "Krøllekveld" i kyrkjestoga. Me leita etter lammet som hadde gått seg bort og 2- åringane fekk 2. års bok. Krøllekvelden vart leia av Lisbeth Hurthi Homme og Sissa Ringstad.

Kyrkjerotte teater

Invitasjon til Kyrkjerottetater og utdeling av kyrkjebok til 4- og 6 åringar.

Påske

Alle frå 6 til 10 år fekk Påskeaktivitetsbok i postkassa.

Påskevandring v. Valle kyrkje. Løype med forteljing og spørsmål om påska då Jesus døydde. Deltakarane kunne sende inn svar på SMS, og vinne premiar.



Fakkeltog

I år vart fakkeltoget flytta til fredag før 1. søndag i advent. Det var eit særst godt samarbeid med Valle kommune, Valle sentrumsforening og Valle bygdekvinnelag. Etter evaluering vil ein halde fram med å ha fakkeltoget fredag før 1. søndag i advent neste år.



Frå tenning av jolegran i Valle sentrum og fakkeltog til Bygdeheimen, fredag før 1. søndag i advent

Konfirmantfest

Soknerådet organiserte og sponsa konfirmasjonsfesten. Foreldre til neste års konfirmantar gjer det praktiske arbeidet. Soknerådet ordnar med leiging, underhaldning og betalar gildet. Astrid Nomeland kokar suppe til festen.

Konfirmasjon:

Konfirmantarbeidet er eit viktig satsingsområde for kyrkjelyden.

Soknepresten har ansvar for undervisninga. Kvart år deltek konfirmantane på **KonfACTION**, som er ein konfirmantleir med rundt 1000 deltakarar i Bø i Telemark i regi av KRIK. Leiren er obligatorisk og ein del av konfirmanttida. Soknerådet betaler deltakaravgift for alle konfirmantane. Foreldre er med i den praktiske gjennomføringa.

I tillegg er det samlingar med undervisning spreidd ut over skuleåret.

Soknepresten skipa til – saman med soknerådet og friviljuge, pluss Ellen Raen frå Israelsmisjonen Påskemåltid for konfirmantar og foreldre.

I 2024 skipa kyrkjelyden, konfirmantar og foreldre basar til inntekt for kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt – Stefanusalliansen og barna i søppelbyen i Kairo.

Det kom inn om lag kr. 19 500 netto.



Frå konfirmantbasaren laurdag 1. mars 2024 til inntekt for Stefanusborna



Konfirmasjon i Hylestad kyrkje



Konfirmasjon i Valle kyrkje

Litt kult at våre gutar var med i promotering av konfirmantleiren konfACTION

Konfirmantåret 2024 - 2025



Hausttakkefest med presentasjon av konfirmantane i Valle og Hylestad. Hylestad kyrkje 8. september. Frå venstre: Toralv Frøysaa Lie, Mari Solbakk Lye, Isabelle Pentreath, Karen Marie Haugen Rysstad, Aron Nygaard Fjellaker, Torleiv Håkon Løyland Helle, Erik Harstad, Birk Kjørmo, Ulvar Eirik Slaby Driel, Edvin Ketilsson Brottveit-Homme, Olav Haugeland Emne og Kristian Mosvold. Åsne Viki kunne ikkje vere med denne dagen.

Alpha-kurs



Våren 2024 vart det arrangert Alpha-kurs felles mellom sokneråda i Bykle og Valle og Hylestad sokn. Det er eit kurs som gjev grunnleggjande undervisning om den kristne tru. Det var 30 påmeldte i tillegg til ei leiargruppe på 7 som var på kurset. Oddvar Søvik var invitert med for å gje bibelundervisning ein fredag og laurdag. Utover hausten var det to grupper som valde å fortsette med samlingar. Samla var det 18 deltakarar på desse gruppene.

*Oddvar Søvik var talar på Alphahelg i Bykle kyrkje.
Her saman med soknepresten.*

Orgelkonsertserie i Valle kyrkje

Sommaren 2024 tok me opp ein tradisjon med orgelkonsertserie i Valle kyrkje. Saman med Niklos Besteland arbeidde Knut Olav Uppstad og Toralv Frøysaa Lie for å lage eit sommarprogram med Mendelsohn sine 6 orgelsonatar utvida til ein konsert på ein time. Dyktige musikarar og songarar gav flotte musikalske opplevingar.

Desse var med:

Bernhard Emmelkamp og Jasmine Olsen Deliler

Andrew og Gill Wilder.

Ian Richards, Anne Gunn Homme, Tora Åkre Lund og Tone Å. Rysstad akkompagnert av Knut Olav Uppstad

Ivar Mæland

Arnfinn Tobiassen og Mio Lee Hammer

Martin Pearson





Kyrkjelege handlingar

Døypte	8
Konfirmerte	13
Gravferder	15

Glimt frå kyrkjelivet 😊 - delt på Facebook

3 Uppstadgutar «hjelppte» soknepresten i gudstenesta søndag 21. april ❤️



Fest på gudstenesta i Valle kyrkje 5. mai. ❤️ Sara Davina Skjellanger og Ingebjørg Bratteland Bø vart døypt og Gyro Haugen - 94 år i dag 🌸 GRATULERER til alle tre ❤️ Må Gud vår far signe dagane deira og late sitt andlet lyse over dei 😊



Samarbeid med andre / Ungdomsarbeid:

Soknerådet støyr arbeidet som **Allidrett** driv i Valle. I 2024 var det 9 samlingar i Vallehalli, 10 til 20 ungdomar møter til samlingane. No er Allidrett på fredagar og det er vellukka. Klubben er for dei som går i ungdomsskulen og oppover og er eit godt tilbod for konfirmantane. Primus motor for Allidrett er Ingunn Røysland. Siri Melhus, Torleif Harstad, Ola Aarsland og Kristine Kleiveland er med som frivillige leiarar.

Soknerådet støyr Allidrett med annonser i Setesdølen.

Solidaritetsarbeid:

Misjonsprosjekt: I 2018 vidareførde soknerådet samarbeidsavtalen med Stefanusalliansen om å stø arbeidet deira i Egypt. Det er hovudsakleg ofringar frå gudstenester som har gått til dette. Maggie Gobran står bak eit stort arbeid blant koptarar på «søppelfjellet» i Kairo. Det handlar om å gje born og unge hjelp og støtte til utdanning, eit sosialt nettverk og ballast til å klare seg i framtida.

Barnehagar og heimebesøk til fattige familiar står sentralt i arbeidet – Med seg har Mamma Maggie ein talrik flokk av oppofrande medarbeidarar. Stefanusalliansen sender jamleg informasjon frå prosjektet.

Informasjonsarbeid: Folk blir informert om kva som skjer gjennom heimesida til kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad <http://www.Valle.kyrkja.no>. Kyrkja har og eiga «Facebook» side: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad. Ein brukar annonser i Setesdølen, Bygdenytt, plakatar, og "Kva skjer"-kalenderen på Valle kommune sine heimesider. Elles munnleg informasjon i kunnngjeringane i gudstenestene.

Kyrkjer og kyrkjegardar

Fellesrådet har fått tilstandsrapport med kostnadsoverslag på Grunnmur Valle kyrkje
Grunnmur Hylestad kyrkje, og på Kyrkjegardsmur – steingard rundt Valle kyrkje.


Det ligg inn i planen for 2025 å utbetre grunnmurane. Det viste seg at dette berre var utvendige / estetiske skader.

Når det gjeld Kyrkjegardsmuren rundt Valle kyrkje har me gått inn på ein avtale med Agder Fylkesmuseum som skal arrangera eit kurs i legging av steingard der ein bruker muren langs vegen opp til prestegarden som kursstad. Dette blir eit ope kurs der bygdefolk kan melde seg på. Teknisk etat på kommunen vil ha tilsette med på kurset, og KVS Bygland vil ha elevar med. Kurset vil gå over 3, eller fire dagar med både teori og praksis i perioden 19. – 22. mai. Eystein Greibrokk skal vere kurshaldar.

Nyt automatisk ringeanlegg i Hylestad kyrkje og på Hylestad kyrkjegard

Det har vore problem med ringing med kyrkjeklokkene i Hylestad kyrkje. Ein har gått til innkjøp av eit oppgradera automatisk ringeanlegg i kyrkja og på kyrkjegarden.

Minnelund på Hylestad kyrkjegard



Bileter frå ferdigsyning og overlevering 5. nov. 2024

Toralv Frøysaa Lie, Kyrkjeverje i Valle, Sven Olav Vefald, Oveland Utemiljø AS og Hallvard Homme frå Plankontoret

Hausten 2024 vart det anlagd Minnelund på Hylestad kyrkjegard. Denne er ferdigstilla, men treng godkjenning av Statsforvaltaren i Telemark og Vestfold før ein kan ta den i bruk. På Hylestad og Valle kyrkjegard er det nok av ledige graver. På baa kyrkjegardane er det ein del ledige graver på den eldste delen av kyrkjegarden. Folk ønskjer i størst mogeleg grad å bruke graver dei allereie festar, eller ledige graver i nærleiken av graver dei festar. Kommunen tek seg av vedlikehaldet på kyrkjegardane.

Når ein anla ny minnelund vart det og aktuelt å lage nye gravplassvedtekter for kyrkjene i Valle kommune. Fellesrådet følger dette opp i 2025.

Soknerådet har oppretta ei arbeidsgruppe som skal jobbe med verneplan for kyrkjegardane i Valle og Hylestad. Dei som er med i arbeidsgruppa er: Alfred Ryningen, Knut K. Homme. Leonard Jansen, Bjørgulv T. Berg og Torbjørg Trydal.

Kyrkjestoga

Kyrkjestoga har elles vore mykje brukt konfirmantundervisning, temakvelder og andre møte. Eit sers godt rom å vere i.



Fantastisk flott bokpresentasjon med Ingunnn Røysland og medforfattar Charles Armstrong i Kyrkjestoga. Boka U2 Songs of trauma and hope vart presentert på ein inspirerande måte.



*Etter gudsteneste i Valle kyrkje, hadde me samling i Kyrkjestoga.
Hyggelig lag med rjomegraut, kaffe og kaker.
Takk til Bygdekvinnelaget for godt stell.*

Økonomi

Etter kyrkelova § 15 får kyrkja det meste av sine midlar frå kommunen. Anna kjem frå staten og eigne inntektskjelder.

Valle og Hylestad sokneråd har eit årleg driftsbudsjett på om lag 2,5 millionar. Av dette går om lag 2 millionar til løn og faste utgifter, som straum, forsikring, reparasjonar. 350 000 kr. går til gravferder og kyrkjegardsdrift. Kyrkjelydsarbeid vert stort sett drive av innsamla midlar. Det resterande går stort sett til kyrkjelydsrelaterte aktivitetar, som trusoplæring, gudstenester med meir.

Joleavslutning på Sølvgården for Valle og Hylestad Sokneråd / Fellesråd, med vara, tilsette og andre.



Frå Valle kyrkjekontor i august då me takka av Gudrun Åkre som kyrkjesjef



Takk

Det er mange som bør takkast for god innsats i kyrkjelyden i 2024. Valle og Hylestad sokn har ein liten stab, og er heilt avhengig av innsats frå friviljuge. Mange har gjort ein god jobb med kyrkjekaffi, som kyrkjevertar og anna dugnadsarbeid. Takk til medlemene i soknerådet for jobben dei har gjort i møte, ulike utval og andre oppgåver. Takk også for engasjement og innsats frå dei tilsette.

Samarbeidet med Valle kulturskule og Anna Slaby Driel i samband med trusopplæring med meir. Det er utroleg fint!

Soknerådet vil og takke Valle kommune for godt samarbeid. Rådet har ein tenesteytingsavtale med kommunen som dekkjer vedlikehald og arbeid på kyrkjegard, plus rekneskap, løn og kyrkjegardsregister.

Særleg vil vi takke alle som møter opp til gudstenester og andre arrangement.

For Valle og Hylestad Sokneråd
Anne Kirsten Ringstad og Toralv Frøysaa Lie

Vedlegg

- Valle og Hylestad sokn Årsrekneskap 2024 - urevidert
- Årsrapport fra prostidiakonen i Øvre Otredal 2024
- Årsmelding for Diakoniutvalet i Valle og Hylestad 2024

Årsmelding for Diakoniutvalet i Valle og Hylestad 2024

Diakoni handlar om å bry seg, om å møte menneske der dei er. Den utfordrar kvart enkelt menneske til å sjå, høyre og ta på alvor dei som kjem i den enskilde sin veg. Det handlar om å skape naturlege møteplassar med rom for glede, sorg, sinne, handlingslamming, fortvilning, bitterheit, skuldkjensle, refleksjon og samtale.

Diakoniutval i 2024: Astrid Nomeland (leiar), Knut Olav Uppstad, Åse Gudrun Thortveit (prostidiakon og sekretær).

14. november kom Reidun Sjelanger med i Du, ho overtok då som sekretær.

Utvalsmøte : Diakoniutvalet har hatt 4 utvalsmøte og handsama 8 saker.

Aktivitetar:

- Tilbod om kyrkjeskys.
- Kyrkjekaffe etter gudstenestene.
 - Diakoniens dag og Helgemesse 3. november.
 - Hausttakkefest. Jordbruksklubben pynta kyrkja og DU hadde med kake og kaffe.
 - Temakveldar:

Prost Rune Stormark: Pastoren som mistet troen og ble prest, i kyrkjestoga 19. mars.

Diakon Åse Gudrun: Det vakre ved å være forskjellige, i soknehuset 16. april.

Ambasadør i Leve Aina Haaverstad; Hvorfor skal vi snakke om selvmord, i kyrkjestoga 14. oktober.

DU er i gang med å organisere ein besøksteneste i Valle kommune.

Utsending til representantskapsmøte i Kirkens SOS i 2024 var Astrid Nomeland.

Økonomi: Valle og Hylestad sokneråd har kyrkjeoffer til diakoniutvalet.

Rysstad 10. mars 2025

Astrid Nomeland

Valle og Hylestad sokn

ÅRSREGNSKAP

FOR

2024

Valle og Hylestad sokn

REGNSKAPSSKJEMA - DRIFTSREGNSKAPET

	Note	Regnskap 2024	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2023
<i>Inntekter</i>					
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter		48 000	47 000	80 000	107 000
2 Salg av driftsmidler		0	0	0	500
3 Refusjoner/overføringer		258 148	197 246	207 000	800 257
4 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	8	908 820	883 000	766 000	837 174
5 Statlige tilskudd		0	0	0	0
6 Tilskudd fra Den norske kirke		115 000	115 000	110 000	129 432
7 Rammeoverføring /tilskudd fra egen kommune	8	2 795 794	2 792 823	2 798 200	2 802 184
8 Tilskudd fra soknets organer		0	0	0	0
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler		136 171	110 184	89 760	95 063
10 Sum driftsinntekter		4 261 932	4 145 253	4 050 960	4 771 611
<i>Utgifter</i>					
11 Lønn og sosiale utgifter		1 546 361	1 596 000	1 647 000	2 244 650
12 Kjøp av varer og tjenester		1 213 206	999 691	1 198 488	1 635 486
13 Refusjoner/overføringer		246 738	228 246	294 000	411 637
14 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	8	908 820	882 000	763 000	837 174
15 Tilskudd og gaver		111 053	98 000	70 000	81 323
16 Sum driftsutgifter		4 026 177	3 803 937	3 972 488	5 210 270
17 Brutto driftsresultat		235 755	341 316	78 472	-438 659
18 Renteinntekter og utbytte		147 893	100 000	44 000	103 403
19 Mottatte avdrag på utlån		0	0	0	0
20 Renteutgifter og låneomkostninger		15 313	12 300	18 000	41 009
21 Avdrag på lån		211 323	211 000	211 000	211 323
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.		0	0	0	0
23 Netto finansinntekter/-utgifter		-78 743	-123 300	-185 000	-148 929
24 Avskrivninger	3	159 992	161 000	161 000	169 275
25 Motpost avskrivninger		159 992	161 000	161 000	169 275
26 Netto driftsresultat		157 012	218 016	-106 528	-587 588

Interne finansieringstransaksjoner:

Valle og Hylestad sokn

REGNSKAPSSKJEMA - DRIFTSREGNSKAPET

	Note	Regnskap 2024	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2023
27 Bruk av udisponert fra tidligere år (overskudd)		0	0	0	0
28 Bruk av ubundne fond	6	770 314	770 313	478 100	441 649
29 Bruk av bundne fond	6	32 563	202 088	193 088	85 714
30 Sum bruk av avsetninger		802 876	972 401	671 188	527 363
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	6	144 888	144 888	0	0
32 Avsatt til ubundne fond	6	243 825	272 911	32 560	0
33 Avsatt til bundne fond	6	54 770	79 000	34 000	34 663
34 Overført til investeringsregnskapet	6	516 405	693 618	498 100	50 000
35 Sum avsetninger	6	959 888	1 190 417	564 660	84 663
36 Merforbruk (-)/mindreforbruk (+)	6	0	0	0	-144 888

Valle og Hylestad sokn

REGNSKAPSSKJEMA - INVESTERINGSREGNSKAPET

	Note	Regnskap 2024	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2023
1 Investeringer i anleggsmidler		868 639	1 098 600	926 100	178 269
2 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale		0	0	0	0
3 Renteutgifter, låneomkostninger		0	0	0	0
4 Avdrag på lån		0	0	0	0
5 Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.	4	8 149	8 149	7 000	6 266
6 Avsetninger	6	224 369	224 369	0	0
7 Årets finansieringsbehov		1 101 157	1 331 118	933 100	184 535
<u>Finansiert slik:</u>					
8 Inntekter fra salg av driftsmidler/fast eiendom mv.		0	0	0	0
9 Refusjoner		173 728	227 500	185 000	35 654
10 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale		0	0	0	0
11 Tilskudd til investeringer	8	200 000	200 000	0	0
12 Bruk av lånemidler		0	0	0	0
13 Mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)		0	0	0	0
14 Sum ekstern finansering		373 728	427 500	185 000	35 654
15 Overført fra driftsregnskapet	6	516 405	693 618	498 100	50 000
16 Bruk av avsetninger	6	211 024	210 000	250 000	74 512
17 Sum finansiering		1 101 157	1 331 118	933 100	160 166
18 Udekket (+)/udisponert (-)	6	0	0	0	24 369

Valle og Hylestad sokn

BALANSEREGNSKAPET

	Note	Regnskap 2024	Regnskap 2023
EIENDELER:			
A	Anleggsmidler	5 626 483	4 909 686
	Faste eiendommer og anlegg	3 5 215 689	4 654 382
	Ustyr, maskiner og transportmidler	3 335 626	188 285
	Utlån	0	0
	Aksjer og andeler	4 75 168	67 019
B	Omløpsmidler	4 267 228	4 395 372
	Kortsiktige fordringer	412 943	323 673
	Aksjer og andeler	0	0
	Sertifikater	0	0
	Obligasjoner	0	0
	Kasse, bankinnskudd	3 854 285	4 071 699
C	SUM EIENDELER:	9 893 711	9 305 058
EGENKAPITAL OG GJELD:			
D	Egenkapital	9 170 134	8 588 064
	Disposisjonsfond	6 2 474 613	3 001 102
	Bundne driftsfond	6 646 386	624 179
	Ubundne investeringsfond	0	0
	Bundne investeringsfond	6 488 976	500 000
	Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0	0
	Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0	0
	Regnskapsmessig mindreforbruk	0	0
	Regnskapsmessig merforbruk	0	-144 888
	Udisponert i investeringsregnskapet	0	0
	Udekket i investeringsregnskapet	0	-24 369
	Kapitalkonto	2 5 560 159	4 632 040
Gjeld			
E	Langsiktig gjeld	66 323	277 646
	Ihendehaverobligasjonslån	0	0
	Sertifikatlån	0	0
	Andre lån	66 323	277 646
F	Kortsiktig gjeld	657 236	439 348
	Kassekredittlån	0	0
	Annen kortsiktig gjeld	657 236	439 348
G	SUM GJELD OG EGENKAPITAL:	9 893 694	9 305 058

MEMORIAKONTI

Ubrukte lånemidler	0	0
Andre memoriakonti	0	0
Motkonto for memoriakontiene	0	0


 Ordrak F. Lunde
 kirkeverge

Valle, den 19.02.2025
 sted, dato


 Torstein Bjørn
 rådetleder